

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 61/2003

Møtedato: 03.12.03

Arkiv nr:

FISKEREGLAR

Fjellstyret har bestemt at ein skal revidere fiskereglane kvart 4. år og det er tid for ny vurdering.

I sak 11/00 vedtok fjellstyret nye reglar: Fiskereglane § 1 vart endre i sak 31/01 slik at barn under 20 år fekk fiske gratis.

Eksisterande fiskereglar:

1. Fiske med stong og handsnøre er tillate i tida fom 1.1 tom 15.9. Barn under 20 år treng ikkje løyse kort for fiske med stong. Handsnøre eller stong som er sett ut blir rekna som fastståande reiskap jfr. § 2.
2. I tida fom 1.6 tom 15.9 kan innanbygds fiska med oter og fastståande reiskap (garn, kupe, line, utstenglar). Kvart båtlag kan ikkje fiska med fastståande reiskap i meir enn eitt vatn på same tid og ingen kan delta i fleire båtlag.
Som innanbygds er å rekne dei som er står i folkeregisteret for V.Slidre samt dei som er eigarar eller forpaktar av bruksberettiga eigendom i V.Slidre kommune.
3. Fastståande reiskap skal på godt synlege flytemerker vere merka med fiskaren sitt namn og adresse. Merkinga skal berre skje nærast land.
4. Maksimalt tal for kvart båtlag ved garnfiske:
12 garn: Storfjorden
10 garn: Grønsenn og Rensenn
8 garn: M.Syndin, S.Syndin, Nestisvatnet, Mosvatnet og Halvorstølstjednet/Matkista
4 garn: Køltjednet, Strøstjednet, Svulttjedet og Skruvletjednet
Andre vatn er ikkje tillate for fiske med fastståande reiskap.
5. Minste maskevidde for garn er 35 mm. Kvart garn skal ha vanleg lengde, ca. 25 meter.
6. Godkjent hevdvunne slørettar kan nyttast fom 1.6 tom 15.9.
7. Fiskaren pliktar å gjera seg kjent med generelle reglar i offentlege forskrifter, fjellov og innlandsfiskelov

Kommunen, Foreningen til dei bruksberettiga og Vestre Slidre jeger- og fiskarlag er bedt om uttale.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har i skriv datert 1.12.03 tilrådd at fiskereglane bør vera uendra dei neste fire åra.

VEDTAK:

Fjellstyret vedtek at fiskereglane skal vera uendra dei neste fire åra.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 5.12.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: V.Slidre jeger- og fiskarlag v/Svein Erik Ski
Foreningen til dei bruksberettiga i V.Slidre statsalmenning v/Gullik Stee
Vestre Slidre kommune